

Årsmelding HU 2023

Etter årsmøtet 2023 vart det bestemt at HU skulle halda fram som fylkeslag. Det vart valt eit nytt styre på tre personar, som fekk i oppdrag å halde fram med arbeidet som vart starta i 2022.

I april var to representantar frå HU på landsmøtet til NU. Eit lokallag i Hordaland, Kløvheim UL, stakk av med prisen «årets lokallag».

Styret i HU inngjekk fort eit samarbeid med Sogn og Fjordane ungdomslag, og saman fekk ein midlar frå fylkeskommunen til eit felles prosjekt. Gjennom dette prosjektet vart det i september arrangert inspirasjonshelg for tillitsvalte i Hordaland og Sogn og Fjordane. Kurset vart halde i Bergen, og 20 personar frå 11 ulike lokallag deltok.

Hordaland ungdomslag har i 2023 blitt eit «Alle med»-lag. "Alle med" er eit dialogverktøy, for å skape ei felles forståing og komme fram til konkrete idear til kva som skal til for å få alle med i fritidsaktivitetar. Under inspirasjonshelga i Bergen fekk deltakarane jobbe med problemstillingar rundt inkludering av alle i våre aktivitetar.

Elles har HU-styret hatt fokus på å knyte nærare kontakt med lokallaga i Hordaland. I november vart lokallaga i Nordhordland invitert til kaffidrøs med hovudtema «å rekruttere frivillige». Fleire lokallag var påmeldt, men berre eitt møtte.

Styret har hatt 11 møter i år.

Bunadsgruppa

Etter at bunadnemnda vart nedlagt, har ein del tidlegare medlemmer av nemnda arrangert ei samling med bunad og folkedraktrelatert innhald kvar år i oktober i Samnanger. Dei to siste åra har det og vorte arrangert turar. Mottoet vårt har heile tida vore: Arranger noko du har lyst til å vere med på og avlys aldri!

Hausten 2023 arrangerte me tur til Sogn 25.-27. august. Solveig Krokeide og Hanne Yndestad Aadland planla og organiserte turen. 13 deltakarar var med heile vegen, og nokre fleire var med oss på delar av opplegget, mellom anna folk frå Sogn bunadsnettverk.

Me besøkte Stalheim hotell der me fekk omvising i Tønnebergs samlingar. Her hadde me og eit møte med Agnete Sivertsen frå Hardanger folkemuseum om Hovudplaggutstillinga til Norsk folkedraktforum som skulle koma til Utne i november. Mange var interesserte i å hjelpa til med å skaffa hovudplagg frå ulike delar av Hordaland slik at utstillinga på Utne kunne visa kva me har i vårt område i tillegg til hovudplagg frå heile landet.

Turdeltakarane overnatta i hytter på Vesterland feriepark på Kaupanger. Laurdag besøkte me Luster der Bjørg Hovland viste oss Dale kyrkje og utstillinga av drakter m.m. som ho sjølv har i Gamlestova i Dalsdalen. Bjørg var og med oss på Sogn folkemuseum om sundagen og fortalde om utstillinga av sognebunadhistoria m.m.

Laurdag 14. oktober møttest 14 personar på Biblioteket på Bjørkheim i Samnanger. Samlinga hadde tittelen: Stofftrykk i folkedrakter og utprøving av teknikkar. Hanne Yndestad Aadland viste eit oversyn med eksempel på det me finn av blokktrykte delar i folkedraktene og bunadane. Norsk handverksregister har gjennomført eit dokumentasjonsprosjekt, og rapporten derifrå inneheld framgangsmåtar til ulike teknikkar og trykksverter som kan brukast. Oddrun E. Larsen viste ulike fleirfargetrykk med linoleumssnitt på stoff. Eva Bjånes viste blokker og ferdig skinstrykk. Av praktisk arbeid vart det prøvd enkelt silketrykk i ramme med kontaktplast. Hovudaktiviteten var blokktrykk på ullstoff med svart farge. Her vart det trykt prøvelappar og små brikker eller løparar. Me såg og bilete frå turen til Sogn, og kom med idear til fagseminar i oktober 2024.

Kontakten held me gjennom Facebookgruppa Bunadsgruppe HU som har 21 medlemmer frå Samnanger, Os, Fana, Bergen, Osterøy og Alver. Informasjon vert og sendt på e-post. Kurs og fagseminar vert arrangert med støtte frå Studieforbundet kultur og tradisjon.

Hardanger Folkemusikksamling

Desse sat i rådet (styret) for HU før årsmøtet 2023:

Medlem (2022 – 2025): Øystein Rambjørg, Strilaringen/Hordaland UL

Personleg vara-medlem: Vakant

Desse sat i rådet (styret) for HU etter årsmøtet 2023:

Medlem (2022 – 2025): Øystein Rambjørg, Strilaringen/Hordaland UL

Personleg vara-medlem: Anne-Marie Øydvin, Ulvik UL

Hardanger Folkemusikksamling (HFS) er eit samarbeidstiltak mellom Hardanger Spelemannslag, Kvemmingen Spel og Dansarlag, Hordaland Ungdomslag og Hardanger Folkemuseum. HFS har som føremål å samla inn og ta vare på folkemusikk- og folkedanstradisjonar frå Hardanger, og å formidla kunnskap om desse tradisjonane til interesserte brukargrupper.

Høgste avgjerdsamt i HFS har eit råd (styre) som er samansett slik:

1 medlem med personleg varamedlem valde av styret for Hardanger folkemuseum.

1 medlem med personleg varamedlem valde av årsmøtet i Hardanger Spelemannslag.

1 medlem med personleg varamedlem valde av årsmøtet i Kvemmingen Spel og Dansarlag.

1 medlem med personleg varamedlem valde av årsmøtet i Hordaland Ungdomslag.

Funksjonstida for medlemmane er 3 år. Valet skal ordnast slik at eitt medlem står på val kvart år.

Styret for HFS før årsmøtet 2023:

Åse Teigland, Hardanger Spelemannslag – leiar

Per Øyvind Tveiten, Kvemmingen Spel- og Dansarlag

Agnete Sivertsen, Hardanger folkemuseum

Øystein Rambjørg, Hordaland Ungdomslag

Styret for HFS etter årsmøtet 2023:

Åse Teigland, Hardanger Spelemannslag – leiar (styret i HSpl peikar ut vara)

Per Øyvind Tveiten, vara: Ole Gjerde - Kvemmingen Spel- og Dansarlag

Agnete Sivertsen, vara: Ingvild Hauso - Hardanger folkemuseum

Øystein Rambjørg, vara: Anne-Marie Øydvin - Hordaland Ungdomslag

HFS sin aktivitet i 2023 har vore som følgjer:

03.02.2023: Arbeidsmøte; Øystein Rambjørg deltok fysisk på Utne.

31.03.2023: Årsmøte; Øystein Rambjørg deltok digitalt. Dei andre fysisk på Utne.

28.04.2023: Omfram årsmøte og arbeidsmøte; Øystein Rambjørg deltok digitalt. Dei andre fysisk på Utne.

17.08.2023: Styremøte; Øystein Rambjørg deltok fysisk på Utne.

21.09.2023: Styremøte; Øystein Rambjørg deltok digitalt. Dei andre fysisk på Utne.

08.11. 2023: Styremøte; Øystein Rambjørg deltok digitalt. Dei andre fysisk på Utne.

14.12.2023: Møte med SFF; styreleiar deltok aleine digitalt.

HFS byrja i 2023 prosessen med å få i gang eit dokumentasjonsprosjekt. Det vart i den samanheng sendt ut søknadar om tilskot og støtte til mange offentlege (fylkeskommunen og

kommunar i Hardangerregionen) og private bidragsytarar/bankar/stiftingar og liknande. Så langt ser dette lovande ut, og prosjektet er planlagt starta opp våren 2024. Det vart og arbeida med å planleggje ein kursdag i ei helg i midten av januar 2024 i samarbeid med HardingFolk.

Hardingfela.no

Hordaland ungdomslag har eit medlem i rådet til Hardingfela.no (Martha Lindvik). Rådet tilrår kven som Vestland fylkeskommune sine folkemusikkstipendet. I 2023 var det få søkarar. Det må det jobbast meir med å få ut informasjon til aktuelle kandidatar til å søka. Rådet oppfordra lokallaga til å dele meir informasjon ut til medlemma, og gjerne informere enkelte dei meiner er gode kandidatar for å søke.

Representasjon

Dato	Arrangement	Representant
29.-30. april	Landsmøte NU	Borghild Opdahl, Marit Kvamen
07. mai	Møte med Sogn og Fjordane Ungdomslag	Borghild Opdahl, Bjørn Magne Hauge, Marit Kvamen
20.-21. oktober	Kulturhuskonferanse NU	Borghild Opdahl, Marit Kvamen
28.-29. oktober	Landsrådsmøte NU	Marit Kvamen
03. desember	Møte med Sogn og Fjordane Ungdomslag	Borghild Opdahl, Bjørn Magne Hauge

Tillitsvalte

Styret har i 2023 vore sett saman av Borghild Opdahl (leiar), Bjørn Magne Hauge og Marit Kvamen.

Lokallag og medlemmar

2022: Per 13.februar 2023 hadde Hordaland Ungdomslag 1945 medlemmar - 762 medlemmar under 26 år og 1183 medlemmar over 26 år. I 2022 hadde Hordaland Ungdomslag 40 aktive lokallag og 11 inaktive lokallag.

2023: Per 06. februar 2024 hadde Hordaland Ungdomslag 1688 medlemmar – 611 medlemmar under 26 år og 1077 medlemmar over 26 år. I 2023 hadde Hordaland Ungdomslag 40 aktive lokallag, og 10 inaktive.

Heiderslagsmedlemmar

Hordaland Ungdomslag har ingen heiderslagsmedlemmar.

Lutar og medlemskap

Hordaland UL eig lutar i desse samskipnadene:

- Det Norske teatret
- Norsk Bokreiiingslag
- Det Vestnorske Teateret
- Dag og Tid
- Lokalavisa Grannar

Og er dessutan med i desse organisasjonane:

- Norske 4H
 - Folkeakademiet Hordaland
 - Studieforbundet kultur og tradisjon Vestland
 - Voksenopplæringsforbundet Vestland
 - Rådet til hardingfela.no
-
- Hardanger folkemusikksamling